



Korsnes/Ospelunden på teiknebrettet i Gamleskulen, med Korsnes til venstre og Ospelunden til høgre for riksvegen.

**- Det blir ikkje lagt ut kommunale bustadfelt og det er ein stor svakheit, sa Magne Huglen under 2020-møtet i Gamleskulen.**

Han vart støtta av Thor Inge Døssland, som minte om at han i si tid hadde ei kommunal tomt å gå til.  
 - Kommunen må vera meir aktiv i tilretteleggjinga av tomter og styre byggjefirma til aktuelle område, heldt Døssland fram.

Grunneigar i Ospelunden og politikar Torfinn Myklebust heldt i eit brev fram at ein bør koma vidare med dette verkeleg store bustadfeltet i Uskedalen. Etter at Uskedalen Utvikling trekte seg ut, har det vorte gjort lite, slog han fast.

- Noko av skulda har nok Kjell Yri og eg, Vi har ikkje stått på, skreiv Myklebust.

Men han la til at tida no ikkje er den beste verken til å setja bort feltet for eksempel til ein entreprenør eller til å selja hustomter.

Den økonomiske krisa gjer dette vanskeleg for mange med tankar om å byggja hus. Ein av vanskaner med dette feltet er også at det er mange grunneigarar, skreiv Myklebust..

Han var også innom behovet for gang- og sykkelveg også frå sentrum til Eidsvik og stilte spørsmålet: Bør det skje frå noverande bru, eller over ei ny gangbru nærare elveosen?

Myklebust skreiv også mellom anna at det bør arbeidast for ny køyrebru over elva, betring av vegane i dalen, gangfelt over riksvegen ved Korsnes og busstoppskilt ved "Samyrkelaget".

Steinar Arnesen tykte at det var ei god ide å føra gang- og sykkelvegen i ny bru over ved elveosen og Thor Inge Døssland var for forlenging av sykkel- og gangbana i begge ender.

Fleire tok også til orde for ein aktivitetsskalender for bygda.

Av Ola Matti Mathisen



Ospelunden ligg ovanfor riksvegen. (Foto: Ola Matti Mathisen)